



Statens vegvesen

MULTICONSULT NORGE AS
Postboks 265 Skøyen

0213 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
22/9621-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.02.2022

Uttale til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid – Detaljregulering – Langheiane – Felt B6 – gnr. 188 bnr. 3 m.fl. – Alver kommune

Vi viser til dykkar brev datert 13.01.2022 og uttalefrist 27.02.2022.

Saka gjeld

I gjeldande kommunedelplan for Lindås–Alversund (2019–2031) er området vist som B6 og sett av til «Framtidig bustadbygg» Grøntstruktur» «Noverande bustadbygg» og køyreveg. Deler av planområdet er omfatta av gul støysone. Formålet med planarbeidet er å utvikle bustadar med tilhøyrande uteopphaldsareal og naudsynt infrastruktur i tråd med kommunedelplanen. I tillegg vert det lagt opp til ei oppgradering av eksisterande friområde i sør–vest langs B6, med etablering av møteplassar for eksisterande bebuarar og kopling og oppgradering av stisystem. Bustadtypar vil vere konsentrerte småhusbustadar og mindre leilegheitsbygg.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Konkrete innspel til dette planarbeidet

Bustadformål er i tråd med kommunedelplan for Lindås–Alversund 2019–20131 (KDP) felt B6 Langheiane. Planområdet ligg innanfor bandleggingssona for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunelen. Innanfor bandleggingssona kan det jfr. føresegnene opnast for tiltak i samsvar med gjeldande planar.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen har i høve til bandleggingssona for framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen ikkje vesentlege merknader eller innspel knytt til oppstartsmeldinga for detaljregulering for Langheiane.

Køyretilkomst til dette planområdet Langheiane er planlagt frå kommunal veg Langheiane. Reguleringsplanen legg opp til trafikkauke. Statens vegvesen legg til grunn at kommunalt kryss vert planlagt i høve til handbok N100. Det er også viktig at ein i planarbeidet ser på behovet for sekundærvæg med tanke på brannsikkerheit, slik det går fram av referatet frå oppstartmøte for denne reguleringsplanen.

For øvrig må dette planarbeidet koordinerast mot parallellt planarbeid for området «Lonena Aust» der ein mellom anna er i gang med å sjå på ulike løysingar for krysset E39, jfr. rekkefølgjekrav for område langs Lonsvegen;

«Før det kan gjevast igansettingsløyve for meir enn 100 bustadar for alle byggjeområder langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39 Lonsvegen vere ferdig opparbeida. Samla utbygging i alle byggjeområder langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustadar. Dersom oppdatert trafikkanalyse viser at det er forsvarleg kan ein vurdere regulering og bygging av fleire enn 500 bustadar. Naudsynte tiltak for trafikktryggleik og framkome skal vere ferdigstilt før igangsettingsløyve.»

Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på kommunal veg skjer i dialog med aktuelle vegstyresmakter. Slik Statens vegvesen vurderer det må også ny reguleringsplan for Langheiane ha med seg rekkefølgjekrav til utbetring av det aktuelle krysset E39.

Det vert lagt til grunn at reguleringsplanen ellers vil innehalde naudsynte rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikksikkerheit, framkomst m.m. vert gjennomført i samband med den utbygginga som vert regulert.

I samband med tilrettelegging for nye bustadområde må temaet trygg skuleveg omtalast spesielt. Vi vil også framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysingar for renovasjon og varelevering tidleg i planlegginga.

Generelle krav til planarbeid

Statens vegvesen legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafikksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysingar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomst for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikksikkerheit og

framkomelegheit må også utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens [handbok V744](#).

Vidare planprosess/medverknad

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Astrid Elina Ådnanes
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER